



Denne farkosten er ute på sin siste reis – med mellomlanding på Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Børnes er i vinden både på den eine og andre måten for tida.  
Mange vonar at industriområdet skal få ein ny giv etterkvart – og kanskje gjeld det også djupvasskaia?**

Den er ikkje mykje nytta, men det hender at nokre farkostar slengjer innom. Akkurat nå har kaia eit noko spesielt besøk – av eit slep som tydelegvis nyttar kaia som ein stoppestad undervegs til eit anna mål.

uskedalen.no får opplyst frå kjelder i bransjen at båten som blir slept og som klart har sett sine beste dagar – er ute på sin aller siste reis. Han har vore nytta som forbåt for oppdrettsanlegg inne i Hardangerfjorden, nærare bestemt i Fykkesundet. Men no har han tent ut og er undervegs til hogging på Stord.